

RU onsdag 30. mars 2022 kl. 09.00-12.00 i kommunestyresalen på kommunehuset i Seljord

Desse møtte: Rikke Raknes, Jan Myrekrok, Finn Arne Askje, Kjersti Bergland, Erling Laland, Jan Arvid Setane og Anne Aasmundtveit.

Grunde Seltveit, dagleg leiar i VTDS, møtte under sak om IT-arkitektur

Gunn Annie Hellestad, leiar i barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark, møtte saka om barnevernreformen

Forfall: Sverre Sæter

Rikke Raknes, nyvald leiar i RU, ynskte velkomen.

IT-arkitektur:

Grunde Seltveit ga eit situasjonsbilde av i dag og framover.

Kommunane har to ulike driftsmiljø: Aspit og VTDS

Grunde orienterte litt om VTDS, tilsette, organisering og arbeidsoppgåver (sjå vedlagte presentasjon)

Drifte kommunane si IKT-teneste

- Rådgjeving og støtte
 - o Digitalisering
 - o IKT-arkitektur i VTDS (del av virksomhetsarkitektur.)
 - o Strategisk planlegging

Jan orienterte om bakgrunnen for at VTDS står på dagsorden i dag. Det vil kunne vera ein fordel om kommunane står på eit felles driftsmiljø for vidare samarbeid på ulike felt.

Innspele/drøfting/svar i møtet:

- Fyresdal ser fordel med at denne tenesta er outsourca.
- VTDS har og 24/7 vaktordning. (Seljord har ikkje det i si avtale med Aspit)
- Dei som valde Aspit i si tid er godt nøgde, men kan by på utfordringar at Aspit no er kjøpt opp.
- Ved eit eventuelt felles driftsmiljø for seks kommunar, må ein danne seg eit bilde av korleis situasjonen innan IKT-drift ser ut 2-4-6-8 år.
- Dette er starten på ein dialog om temaet.
- Design og arkitektur i VTDS er teknisk laga slik at fleire kommunar kan henge seg på. Dette skal vera uproblematisk, men med seks kommunar vil det bli ein anna geografi.
- VTDS har kontor i alle dei tre kommunane. Dei tilsette fekk behalde sine oppmøtestader. Dei tilsette må vera mobile og det er lagt til rette for heimekontor.
- Drøfting rundt utfordringar når det gjeld rekruttering av fagfolk.

Ukraina/flykningesituasjonen

Flykningesituasjonen er ei utfordring for alle kommunane. Kommunane skal busette eit stort tal på flyktningar på særdeles kort tid. Kommunane er ikkje fullt ut rigga for mottak. Nokon kommunar står utan flykningapparat.

Finn Arne orienterte om NAV sitt innmeldte behov på to ekstra stillingar i denne situasjonen.

Han påpeikte betydninga av at RU får høve til å drøfta slike utfordringar.

Innspele i møtet:

- Det viktigaste er å få dekt basale behov.
- Kor mykje ekstra ressursar må ha NAV ha for å utføre dei ekstra oppgåvene som vil kunne koma?
- Blir det ein boom no eller vert dei spreiddt gjennom heile året?
- Kommunane veit eigentleg for lite no til å vite kor mykje ein skal førebu organiseringa. IMDI veit sjølv ingenting. Kommunane blir varsla, men kanskje bare ei veke i forvegen. Ein må planlegge og drøfte dette, men det er tilrådeleg å vente med å rigge apparatet fullt ut før ein får klar beskjed.
- Kor mange treng ein for å serve 90-100 personar? Dersom alle 270 kjem før sommaren, kan ein leige inn ressurs.
- Kva gjer eit kommunalt flyktningeapparat og NAV?
- Når det gjeld søknader om økonomi sosialhjelp og liknande ligger dette ansvaret hos NAV, må ikkje flyttast over på kommune.

- Startpakker i den enkelte kommune er veldig ulik frå kommune til kommune. Dette er noko ein kan bli meir samkøyrde på.
- NAV bør melde om behov når det er behov.
- Skal koma ein kortversjon av introprogrammet.

Konklusjon:

Det er tilrådeleg å avvente med ei ressursauke hos NAV. Slik situasjonen er no bør den vera handterbar, og difor er det vurdert til at bemanninga hos NAV er tilstrekkeleg per i dag. Det er tross alt veldig låg arbeidsledigheit. Mykje av arbeidet vil nok uansett falle på den enkelte kommune.

RU kan snu seg rundt fort og ta eit møte, viss prekært kan ein ta eit teamsmøte.

Det er foreslått ei kompensasjonsordning på kr 50.000 per flykting som ikkje blir busett for å motivere kommunane til å sei ja til å ta imot x-antal flyktingar.

Barnevernsreformen

Gunn Annie Hellestad orienterte om konsekvensar og behov ved ny barnevernsreform.

- Mange nye oppgåver lagt til barnevernet etter ny barnevernsreform. Og det er snakk om store oppgåver.
- Hovudpilar er tidlega innsats.
- Ein institusjonsplass kostar minst 170.000 i månaden.
- Store kostnader når saker kjem seint.

Barnevernssamarbeidet ynskjer ei stilling som jobbar på tvers av kommunane, i nært samarbeid med dei andre tilsette. Gunn Annie viste til Færder kommune som jobbar slik. Håpar at ei slik jobbing kan føre til tidleg innsats.

Ein kan spare mykje ved å gje barn hjelp tidleg nok, og ikkje minst gi barnet eit godt liv. Hjelp på tverrfagleg vis. Korleis kan ein intervenere på ein god måte? Viktig å få midlar i dette arbeidet.

Barnevernssamarbeidet ynskjer no å skaffe eksterne midlar til å finansiere opp ei slik stilling.

Ein søknad om tilskot læringsnettverket vart blankt avvist hos statsforvaltaren med bakgrunn i at det må vera eit samarbeid mellom fleire kommunar.

Innspel i møtet:

- Bufdir, tilskudd til modeller for tverrfagleg samarbeid- der har fleire kommunar fått midlar.
- BTI-midlar: oppstart er greit, men implementering er utfordrende. Prosjekt skal bli ein del av drifta, men kan ofte vera ein tendens til å bli prosjekt.
- Bør lyfte det opp på eit regionsnivå.
- Korleis kan vi jobbe best med mogleg sosial berekraft med felleskontor for NAV og barnevern?
- OU midlar i KS kan vera ein mogleg pot å hente midlar frå, men midlane i tilskottsordninga går fort tom (juni i fjor)
- Prosjektskjønnsmidlar kan vera ein moglegheit i 2022.
- Kan sende ei varsling inn til Kommunal- og forvaltingskomiteen om korleis statsforvaltaren i Vestfold og Telemark tolkar tverrfagleg samarbeid i Vest-Telemark.

Konklusjon

Rikke og Erling ber om eit møte med Statsforvaltaren, Gunn Annie må og delta på det.

Anne utarbeidar ei uttale til kommunal – og forvaltingskomiteen frå Vest-Telemarkrådet.

Bør bli eit tema i møte med telemarksbenken 24. mai. Lene Vågslid er ny leiar av benken.

Oppfølging frå RUmøtet 2. februar:

***Ny brann og redningsvesenforordning* .:**

Ny representant i arbeidsgruppa (istaden til Une Marit) : Finn Arne Askje

Ingen merknad til tilbodet på bistand frå Norconsult (pris 80 timar á kr 1.230)

RU legg til grunn at brannvesenet finn dekning i eget budsjett.

Det er søkt dispensasjon. Til denne må det leggest ved CV til beredskapsleiar i kva kommune. Denne må sendast Gunhild Austgjordet med kopi til Finn Arne Askje.

Dokumentsenter:

- Skal ein få til noko felles, vil det vera lurt å ha tilnærma like delegeringsreglement samt felles IKT system. In må og vere på ca likt nivå arkivmessig
- Tokke kan være interessert dersom IKT ikke blir noen utfordring. Det samme gjelder Kviteseid. Tokke skal lyse ut stilling som arkivleiar kobla med digitalisering. Mykje å hente når det gjeld kvalitet, kanskje ikkje så mykje i økonomisk innsparing. Ein bør finne ut om det er ei mogleg innsparing. Ein ser det kan bli ei lita innsparing på sikt.
- Kan vera andre meir lågt hengande frukter i forhold til samarbeid?
- Må og tenkje kompetanse og sårbarhet, ikkje bare innsparing.
- Kan ein tenkje seg kompetanse som eit eiga prosjekt?
- Det er ca 300.000 på bundne fond som kan nyttast til vurdering av moglege framtidige samarbeid på dokumentsenter /arkiv.
- Det er litt for tidleg for dette nå, vi får kome attende til dette ved eit seinare høve

Agresso – ERP kommune

- Kva er det ein får som ein ikkje har idag?
- Utfordringar er til dømes at nokon sluttar, nye kjem inn som kan økonomi, men ikkje Agresso.
- Det er veldig komplekst, men skal kunne gi betre flyt mellom ulike system. **Integrasjonar.** I ERP kommunar tar dei ansvar for integrasjonar, no må kommunane ta dette ansvaret sjølv. Har klart å halde tritt, men er krevjande fordi ein klarar ikkje å utnytte teknologien og er på veg til å ikkje klare å følgje med.
- Skal ein fortsette med Agresso eller skal ein over til Visma som ein allereie brukar i t.d. skule og barnehage?
- Økonomiforum er kopla på, men før eit eventuelt fellesmøte med økonomiforum bør ein ha gjort ein del forarbeid. Trengs ei meir detaljert skildring.

Konklusjon

Jan Arvid tar ansvar for å sjekke ut med dei andre kommunar som har gått frå Agresso til Visma samt drøfte saken vidare i økonomiforum og kome med ein anbefaling om kva vidare.

Møtekalender

- Det blir lunsj til lunsjsamling på Kragerø Resort 14-15. juni
- Sjukehusdirektøren ynskjer å stille i RU, han inviterast med til Kragerø eller i seinare møte dersom det ikkje passar, Anne følger opp
- Planlagt besøk hos Finn Arne i Lårdal vert utsett til tidleg haust.

Digitaliseringsleiar

Vest-Telemarkrådet har motteke 6 søknader på stillinga som digitaliseringsleiar. Tilsettingsutvalet (Jan, Rikke og Anne) legg opp til å gjennomføre intervju med to-tre kandidatar før påske.

Eventuelt

Inging kom opp under eventuelt